

Betelskipet til Sandakaien i morgen

06.12.2011



Betelskipet sist han var her

I morgen kjem eit flytande forsamlingshus til Sandakaien.
Det er Betelskilpet Elieser 6, som høyrer til Den indre Sjømannsmisjon
og som var her sist for vel 2 år sidan. Klokka 19 er det
møte ombord og der deltek Dagfinn Sandal saman med
mannskapet. Det blir og servering og utlodning og vi veit
av erfaring at det blir mykje fin sang og musikk.

Den særprega båten har sigla mellom Østfold i Finnmark i 17
år og historia om desse båtane er eit spesielt kapitel om misjonen
i landet. Det starta allereie i 1903 då den første
Elieserbåten vart sett i drift.

Den båten som vert nytta no har mellom anna gjort teneste som
restaurantbåt i Sverige og cruisebåt i Afrika og ein av forgjengarane
var både sjukehus og postkontor.

Båten har ein fast besetning på 4 som skiftar etter ein månad og om
sommaren er han utleid til lag og organisasjonar. Det er imidlertid høve
til å vera med på møteturar då det er plass til 12 passasjerar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen